



CD  
Fredrik Fors & Sveinung Bjelland:

### «Black Bird»

Verk av Schumann, Kvandal, Grieg,  
Haaland, Madsen, Stravinskij, Saint-  
Saëns og Mortensen  
2L

## Dialogiske idear

To solide utøvarar står bak plata «Black Bird». Fredrik Fors er mangeårig soloklarinettist i Oslo-Filharmonien, Sveinung Bjelland pianist av format – og dei skuffar ikkje på utgjevinga der norsk tidleg 1900-talsmusikk har ein vesentleg plass.

Dei spelar ikkje berre norsk: Også klassikarar av Schumann, Stravinskij og Saint-Saëns er presenterte – eit knippe elegiske, humoristiske og useieleg vakre små stykke, som for å understreka klarinetten si fantastiske evne til klangleg variasjon.

Det er langt på veg noko vårleg ved plata. Tittelen «Sort fugl» peikar mot Kyrre Sassebo Haaland sitt verk med same namn – det nyaste stykket på plata. Internt i verket finst eit dialogisk tilhøve der fuglen kjem med utsegn og får svar – kan henda frå sitt eige ekko.

Men verket peikar òg i andre retningar: Komposisjonen er skriven som ein hommeage til franske Olivier Messiaen og hans sterke portrett svarttrosten. Det gjev lovnader om ein lys årstid på same måte som stykka rett før, Grieg sine tre lyriske stykke, der både sommarfuglen og «Til våren» har plass – arrangert for denne besetninga av Haaland. Og tru om det ikkje er den vesle, kvitrande skapnaden – eller like gjerne komposisjonsteknikkane til Messiaen – som har inspirert dei tre stykka for klarinett av Stravinskij?

Det er med andre ord ei særleg tråd kring enkelte verk på plata. Skulle ein ynskt seg noko, var det ei meir tydeleg motivasjon for å inkludera dei resterande komposisjonar, som nok opplevast meir vilkårleg henta inn i heilskapen.

Samstundes er framføringane av høg kvalitet, frå den velkjende opninga av Schumanns «Fantasiestücke», til den innbydande sonaten av Trygve Madsen og Finn Mortensen sin komplekse sonatine til slutt. Dette er absolutt mellom dei lekraste lyttaropplevingar i forsommaren.

IDA  
HABBESTAD

